



Saluton leganto!

Her kjem haustens første nyhende-brev frå Norsk Esperanto-Forbund.

Han som skriv desse orda har hatt litt ferie frå esperanto, men viss du har vore på eit eller anna interessant arrangement i sommar, tek redaktøren for Norvega Esperantisto gjerne mot ein rapport på redaktoro@esperanto.no.

Har du tilbakemeldingar, ta gjerne kontakt med bergen@esperanto.no



Historisk verdskongress i Arusha

For første gong sidan starten i 1905 fann den 109-
ande Esperanto-verdskongressen i år stad på det
afrikanske kontinentet. Meir enn 854 deltakarar,
av desse rundt halvparten afrikanarar, frå 66 land
deltok i den historiske kongressen, som fann stad
i Arusha i Tanzania første veka i august.


I tillegg til ulike faglege møte og seminar,
konsertar og andre kulturarrangement, var det
også ei rekkje ekskursjonar. [I Libera Folio kan du
lese Tim Owen si oppsummering av kongressen,](#)
og også andre, til dels meir kritiske, vurderingar
av arbeidet i det internasjonale esperantoforbundet
UEA.

UNESCO-tidsskrift på esperanto

UNESCO er FN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon. Organisasjonens tidsskrift kjem ut med temanummer fire gongar i året på ti språk, og eitt av desse er esperanto.

Dei siste utgåvene har drøfta så ulike tema som skogens betydning for menneska, korleis kunstig intelligens påverkar utdanninga og korleis husbygging kan bli meir berekraftig.

[UNESCO-Kuriero finn du gratis i fulltekst på UNESCO sine heimesider.](#)



Ny Mummitroll-bok frå EAB

24. juni var den passende datoen for å lansere den hittil fjerde boka i Mummitroll-serien frå det britisk esperantoforbundet.

I Sommermeza dramo (eller "Farlig midtsommer", som boka heiter på norsk) blir Mummifamilien og venene deira truga av flaum etter eit vulkanutbrot. Redninga blir eit teaterskip, og mykje spennande skjer før familien atter er samla.

[Les meir om boka og kvar du kan bestille ho på La Ondo de Esperanto.](#)

